

Ephorte: 2016/11258 Digidel 2017

Søknaden:

*** Navn på søker:**

Hordaland fylkesbibliotek

*** Organisasjonsform (slik denne er registrert i Enhetsregisteret):**

Fylkeskommune

*** Organisasjonsnummer:**

938626367

*** Kontaktperson for tiltaket:**

Terje Haugsgjerd

*** E-post:**

terje.haugsgjerd@hfk.no

*** Telefonnummer:**

55 23 93 73 / 48 30 62 60

*** Er søknaden utarbeidet på vegne av flere søkere? (Kun én søknad skal sendes inn)**

ja nei

Nei

Hvis "Ja" fyller du her ut navn på alle deltagere i prosjektet. Det skal fremgå hvem som er hovedansvarlig for gjennomføringen av prosjektet.

*** Tittel på prosjektet/tiltaket:**

Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid: digital kompetanseheving i folkebiblioteka

*** Beskrivelse: Beskrivelsen skal inneholde en plan for drift av veiledningstilbudet og for kompetanseheving eller –utvikling hos de kommunale veilederne, event. samarbeid mellom etater og plan for**

videreføring av tilbudet i fremtiden innenfor egne budsjetter. Beskrive også hvordan veiledningstilbudet vil gjøres tilgjengelig for innbyggerne i kommunen(e).

Hordaland fylkesbibliotek ønsker å gjennomføre kurs i dei nasjonale digidel-ressursane for folkebiblioteka i Hordaland. Formålet er å auke personalets kompetanse og legge til rette for eigne publikumskurs, retta mot målgruppene eldre og innvandrarakar.

Bibliotekarakar har høg sjølvtrillit i formidling av kjente tema som litteratur, men kan trenge større tryggleik og kunnskap om pedagogisk tilnærming til rettleiing i digital kompetanse. Konkret skal det gjennomførast to kursdagar på tre stader (to utanfor Bergen og eit i Bergen). Det første kurset vil innehalde ein inspirasjons- og læringsdel, med vekt på bakgrunnen for Digidel-programmet og legge til rette for å dele erfaringar og vise døme, særlig på samarbeid med andre for å kunne gjennomføre rettleiing i digital kompetanse. Hovuddelen av kurset vil vere kompetanseheving knytt til digidel-ressursane og opplæringspedagogikk. Kursa vil vere opne for andre deltakarakar enn bibliotekpersonale, t.d. Røde Kors og frivillighetsentralen.

Etter den første kursdagen skal dei lokale biblioteka gjennomføre kurs for publikum. Målet er at det skal gjennomførast publikumskurs i 20 kommunar i Hordaland, med utgangspunkt i digidel-ressursane. Kursa skal marknadsførast lokalt, særlig retta mot målgruppene eldre og innvandrarakar.

Publikumskursa vil vere utgangspunktet for den andre kursdagen der ein evaluerer gjennomføringa av digidel-kursa. Kunnskap- og kompetansedeling er viktig, både for læring knytt til fleire publikumskurs og for å sikre vidareføring av tilbudet i framtida.

Det desentraliserte perspektivet i gjennomføring av kursa er viktig for å auke tal på deltakarakar frå kvar kommune. Terskelen skal vere lågast mulig for å delta på kompetansehevinga og i gjennomføringa av publikumskursa.

Ytterligere dokumentasjon kan sendes innen samme frist på e-post til postmottak@kmd.dep.no. Merk e-posten med virksomhetens navn, tittel på prosjektet og "Tilskudd til kommunale veiledningstjenester 2016".

*** Hvorfor er det behov for tiltaket det søkes om støtte til?**

Etablering av rettleiingsteneste innan digital kompetanse er forankra i *Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025*. Eit tiltak er å legge til rette for at biblioteka kan vere med på å utjamne digitale skilnader og gje innbyggjarane tilbod om aktuelle og relevante ressursar. Eit anna mål i kulturplanen er at bibliotekpersonale skal ha den

kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane.

Fylkesbiblioteket har ein pågåande dialog med biblioteka om behovet for kompetanseheving. I samband med Digidel-programmet er det gjennomført ei uformell kartlegging av status og behov i biblioteka, som viser ønskje om kurs og liten bruk av digidel-ressursane. Personalet treng kunnskap og tryggleik til å rettleie innan digital kompetanse. Fylkesbiblioteket har god erfaring med å gjennomføre kompetanseheving for å imøtekomme desse behova, som t.d. prosjektet *23 mobile ting*.

*** Hvilke konkrete mål forventes oppnådd ved gjennomføringen av tiltaket?**

1. Etablere rettleiingstilbod i grunnleggande digital kompetanse på 20 folkebibliotek i Hordaland for eldre og innvandrarar
2. Gjennomføre to kursdagar i digidel-ressurane for rettleiarar på tre stadar i Hordaland
3. Prøve ulike metodar for digital rettleiing og samle nyttige røynsler med overføringsverdi til bruk i vidareføring av tilbodet
4. Utvikle samarbeid med frivillige
5. Synleggjere folkebiblioteka som ein arena for opplæring i digital kompetanse
6. Etablere praksisfelleskap for erfaringsutveksling og vidareutvikling av nye opplæringstilbod innan digital kompetanse

*** Forventet antall brukere som kan få tilgang til veiledning gjennom dette tiltaket:**

Hordaland er landets tredje mest folkerike fylke, med over 500 000 innbyggjarar. Ut frå målgruppene i tiltaket, utgjer andelen innvandrarar og eldre over 67 år ca. 20 % av befolkninga. Nedslagsfeltet for prosjektet er ca. 130 000 brukarar.

*** Søknadsbeløp (maksimalt 200 000 kroner):**

Kr. 200 000

*** Enkelt budsjett for tiltaket (Budsjettet skal inneholde en beskrivelse av planlagt egeninnsats og egenfinansiering). Ytterligere dokumentasjon kan sendes innen samme frist på e-post til postmottak@kmd.dep.no. Merk e-posten med virksomhetens navn, tittel på tiltaket og " Tilskudd til kommunale veiledningstjenester 2016".**

Utgifter	
Prosjektleiing	50 000

Kurshaldarar	20 000
Støtte til lokale kurs	100 000
Marknadsføring	40 000
Reise/overnatting	15 000
Praktisk kursutgifter: kaffe, mat	20 000
Eigeninnsats folkebiblioteka	50 000
Uforutsette utgifter	15 000
	300 000
Inntekter	
Hordaland fylkeskommune	50 000
Kommunane	50 000
Søknadssum	200 000
	300 000

*** Redegjør for hvordan prosjektet skal organiseres på kort og lang sikt, og eventuelle endringer i hvem som har ansvaret for tiltaket:**

Hordaland fylkesbibliotek er prosjektansvarleg og har personalressurs til prosjektleiing. Folkebiblioteka i alle kommunane i fylket vil bli invitert til kurs. Biblioteka som ikkje har fått eigne midlar til gjennomføring av opplæringstiltak for publikum, vil få støtte til dette av prosjektet. Fylkesbiblioteket har som mål å gjennomføre kursa i samarbeid med Bergen offentlige bibliotek, som har kompetanse og erfaring i å halde kurs for målgruppene i prosjektet. Fylkesbiblioteket vil følgje opp dei etablerte rettleiingstilboda etter prosjektavslutning.

*** Enkel tidsplan for tiltaket (tiltaket bør kunne gjennomføres i løpet av ett år). Ytterligere dokumentasjon kan sendes på e-post innen samme frist til postmottak@kmd.dep.no. Merk e-posten med virksomhetens navn, tittel på prosjektet og " Tilskudd til kommunale veiledningstjenester 2016".**

Tidsplan: 2016-2017

Informasjon og påmelding til kurs

2016-februar 2017

Kurs for rettleiarar	mars-april 2017
Publikumskurs	mai-september 2017*
Evalueringssamling	oktober 2017
Sluttrapport	november 2017

*Publikumskursa har lang gjennomføringsperiode, da det erfaringsmessig er vanskelig å gjennomføre kursing mellom St.Hans og skulestart.

Offentlig støtte. For virksomheter som har mottatt midler i perioden 2014-2016 fra staten som samlet overstiger fire millioner kroner: Vennligst oppgi størrelsen på mottatt støtte samlet for perioden samt navn på den/de offentlige virksomhet(er) dere har mottatt midler fra.

Erfaringsutveksling. Den som mottar tilskudd må bidra til å synliggjøre erfaringer og resultater fra tiltaket på egnede måter, og via de kanalene som synes aktuelle avhengig av tiltaket. Beskriv på hvilken måte dere vil dele erfaringer og kunnskap fra tiltaksperioden.

Erfaringsutveksling er ein integrert del av prosjekt. Etter prosjektavslutning vil temaet bli tatt opp på fagdagar for bibliotektilsette. Hordaland fylkesbibliotek har i mange år arbeid med å utvikle interkommunale biblioteksamarbeid i fylket. I dag er det fem samarbeidsregionar, som skal brukast aktivt i prosjektet. Dei regionale samarbeida vil kunne spele ei nøkkelrolle for å koordinere publikumskurs og auke gjennomføringsevna, då dei er vande med å gjennomføre fellesprosjekt.

Tiltaka skal synleggjerast via fylkesbiblioteket sine kanalar, t.d. Facebook undervegs og informasjon til politisk og administrativt leiing i fylke og kommunane. Fylkesbiblioteket vil ta med seg kunnskap frå prosjektet inn i andre samanhengar, t.d. arbeid med fleirspråklege tenester for å løyse særskilte rettleiingsbehov.